
Vår referanse 2021/4061-2
Dato 01.03.2021

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Uttale - Dispensasjon - Plankrav - Gnr 188 bnr 763 - Gjervik ytre - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til brev Alver kommune mottatt 02.02.2021.

Kommunen ber om uttale til søknad om dispensasjon frå plankrav for oppføring av påbygg og bruksendring på gnr. 188 bnr. 763 i Knarvik sentrum. Eigedomen er omfatta av områdeplan for Knarvik sentrum Planidd 1263-201002 der eigedomen er avsett til sentrumsføremål BS3.

Utbygger ynskjer å bygge på parkeringsdekket for å opne livsstil og treningscenter. Tiltaket har eit samla bruksareal på 1846 m².

Eigdomen er del av Knarvik senter, og utgjer ytre del av sentrumsplanen. Planen tangerer planområde for «Tunnel på fv. 57 Knarvik - Isdalstø» i vest og rundkøyring for E39 sør.




Fig: Omsøkte eigedom markert med raudt kryss. Avgrensing, og avgrensing mellom Sentrumsplan for Knarvik og Tunnel på fv 57 Knarvik -Isdalstø.

Det er ikkje grunnleggjend kvifor ein søker dispensasjon frå plankravet. Dersom kommunen vurderer å gje ein slik dispensasjon, må kommunen sørge for at det vert teke tilstrekkelege vurderingar både for den noverande trafikale situasjonen i området for alle trafikantgrupper, samt for framtidige planar for fv. 57 / E39. Forholdet for mjuke trafikantar, anleggstrafikk og parkeringsdekning i området må vere del av vurderingane.

Vestland fylkeskommune som samferdslemynde har ut over dette ikkje vesentlege merknader til at det vert gjeve dispensasjon frå plankravet slik det er søkt om.

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Tone Bøyum
senioringeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift